

Effektiv og skånsam behandling med laser

Laserbehandling har vore gjennom ei rivande utvikling dei siste åra. Over 5000 forskingsartiklar frå heile verda har dokumentert positive effektar av laser på ei rekkje tilstandar. Det er i dag brei vitskapleg einigheit om at laserbehandling har dokumentert verknad.

Moderne laserapparat gir skånsam, smertefri og effektiv behandling – utan å varme opp vevet. Me brukar laser både ved akutte og kroniske skadar, betennelsar, muskelspenningar, ulike smertetilstandar og ved sårtilheling.

Laserbehandling verkar gjennom å:


- redusere smerte
- dempe betennelse
- auke blodsirkulasjonen
- redusere muskelspenningar
- stimulere og fremskande tilheling i vevet



Laser fungerer ved å setje i gang kroppens eigen naturlege tilhelingsprosess. Dette skjer gjennom at laserlyset stimulerer kjemiske prosessar i cellene – ein fotokjemisk reaksjon – utan å skape varme i vevet.

Smerter og skadar


- Nakkesmerter og stiv nakke
- Ryggsmerter
- Senebetennelsar (t.d. tennisalboge, plantar fascitt)
- Musearm / belastningsskadar
- Isjias og prolaps
- Idrettsskadar (strek, overtråkk, forstuing)



Betennelsar og irritasjonstilstandar

- Akutte og kroniske betennelsar i musklar, sener og ledd
- Artrose (slitasjegikt)
- Slimposebetennelse (bursitt)

Muskelspenningar og triggerpunkt



- Kroniske muskelknutar
- Spenningshovudverk

Sår og hud


- Dårleg sårtilheling
- Etter kirurgiske inngrep eller arr



Eit unikt laserapparat – avansert teknologi for betre resultat

Laserapparatet me har valt kombinerer tre ulike lysbølgjer som gir behandling i fleire djupner av vevet:

- **Laser (905 nm)** – djupverkande
- **Infraraudt lys (860 nm)** – mellomdjup
- **Raudt LED-lys (660 nm)** – overflateverkande



Desse verkar **synergisk** og er kombinert med eit **statisk magnetfelt** som forsterkar effekten av det lysaktiverte tilhelingsarbeidet i cellene.

I tillegg har apparatet eit såkalla **“sweep-program”** som veksler mellom frekvensar. Dette hindrar at vevet tilpassar seg lyset – og sikrar dermed at effekten vert bevart gjennom heile behandlinga.

Eit **søkssystem basert på TENS** (elektriske impulsar) hjelper oss å finne nøyaktig kvar kroppen treng behandling.

Me har sett svært gode resultat med denne teknologien – både ved akutte skadar og kroniske plager.